



Høyring - Nasjonal ramme for vindkraft

Saksnr	Utvalg	Møtedato
26/2019	Formannskapet	03.06.2019

Vedtak i Formannskapet – 03.06.2019

Hjarthdal kommunestyre kjem med følgjande uttale til **Nasjonal ramme for vindkraft på land**:

- Ved eventuell utbygging av vindkraft i grenseområda mellom Buskerud, Telemark og Vestfold må det i konsesjonshandsaminga takast omsyn til fjernverknad frå Gaustatoppen.
Gaustatoppen med sine 1.884 moh hevar seg vesentleg over landskapet omkring, og er synleg over svært store områder og av same grunn det punktet der ein har utsikt til størst del av Noregs areal.
- Det sær s viktig at nye areal ikkje kan bli lagt inn i Ramme for vindkraft gjennom revisjon/oppdatering av ein enkelt temarapport.

Handsaming i Formannskapet – 03.06.2019:

Saka vart drøfta.

Votering:

Rådmannen si innstilling blei samrøystes vedteke.

Rådmannens innstilling:

Hjartdal kommunestyre kjem med følgjande uttale til **Nasjonal ramme for vindkraft på land**:

- Ved eventuell utbygging av vindkraft i grenseområda mellom Buskerud, Telemark og Vestfold må det i konsesjonshandsaminga takast omsyn til fjernverknad frå Gaustatoppen.

Gaustatoppen med sine 1.884 moh hevar seg vesentleg over landskapet omkring, og er synleg over svært store områder og av same grunn det punktet der ein har utsikt til størst del av Noregs areal.

- Det særst viktig at nye areal ikkje kan bli lagt inn i Ramme for vindkraft gjennom revisjon/oppdatering av ein enkelt temarapport.

Sammendrag:

Olje- og energidepartementet ga Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag tidleg i 2017 å leie eit arbeid med å lage forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

NVE har lagt **Nasjonal ramme for vindkraft på land** ut på høyring med ny frist 1. oktober 2019. Rapporten **Nasjonal ramme for vindkraft på land** er eit samla kunnskapsgrunnlag om verknadane av vindkraft på land.

Saksopplysninger:

NVE skriv at dei har lagt vekt på å unngå konflikhtar med viktige naturområder, og tatt betydelege omsyn til aktuelle tema, t.d. friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminner og reindrift.

Høyringsdokumentet er eit resultat av faglege, administrative, innspel til arbeidet NVE ba om i fjor haust. Hjartdal kommune ga sitt innspel i brev datert 18.10.18.


NVE sin rapport finn ein her: http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf
Ein kan lettast bla i rapporten ved å klikke på sidenummer i «Innhold» på side V.
Kart over dei områda NVE meiner er best egna for lokalisering av ny vindkraft, finn ein her: <https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

I samband med arbeidet med rapporten er det publisert 21 temarapportar. Nasjonale fagmyndigheitar og ulike kunnskapsmiljø innafor dei ulike tema har delteke i utarbeiding av temarapportane. Rapportane ligg tilgjengelege på NVE si heimeside under [Nasjonal ramme for vindkraft](#).

Vurdering:

NVE peiker i sitt forslag på 13 områder i Noreg som dei meiner er best egna til vindkraftutbygging på land. Dei presiserer at òg innanfor desse 13 område vil der vere områder som ikkje egner seg for utbygging på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følgje av mindre gode vindressursar.

Hjartdal kommune ligg ikkje innafor nokon av desse 13 områda.



Det betyr at NVE har tatt på alvor kommunen sine administrative innspel om at det er særst viktig å take vare på dei kvalitetane naturen og dei moglegheitene me har i dag til å bidra til eit rikt friluftsliv og rekreasjon for langt fleire enn våre egne innbyggjarar.

Utsikten frå Gaustatoppen er viktig fjernverknad å take omsyn til ved eventuell utbygging av vindkraft i grenseområda mellom Buskerud, Telemark og Vestfold. Toppen med sine 1.884 moh hevar seg vesentleg over landskapet omkring, og er synleg over svært store områder og av same grunn det punktet der ein har utsikt til størst del av Noregs areal.

Bildet under syner utsikten frå Gaustatoppen mot området i grenseområda mellom Buskerud, Telemark og Vestfold.



Bilde frå www.gausta.no

Gaustatoppen som turmål har hatt svært sterk vekst og i 2018 var det over 100.000 besøkande på toppen. Sidan 2014 har det vore montert ferdselsteljarar som syner at besøkstalet har auka med 80 % på 5 år. I over 100 år har turistforeininga hatt hytte på Gaustatoppen, med noko overnatting, men der dagsbesøk og servering er mest vesentleg. Det vert òg arbeida med å fremme Gaustatoppen som nasjonal turiststi.

NVE skriv i si grunngjeving for at grenseområda mellom Buskerud, Telemark og Vestfold er sett på som eit av dei mest egna områda i landet for ny vindkraftutbygging at (sjå frå s. 186 i Forslag til nasjonal ramme for vindkraft):

- Området har gode produksjonsforhold for vindkraft
- Området er mest egna for ny produksjon i eit kraftsystemperspektiv
- NVE har gjort ei overordna vurdering og vurderer området til å kunne ha plass til fleire vindkraftverk av varierende storleik

Rådmannen vil trekke fram det NVE skriv at området vil ha behov for høgare tårn på grunn av skogsvegetasjon. Rådmannen meiner dette forsterkar faren ved at eventuelle tårn vil kunne bli synlege frå Gaustatoppen.

I sine anbefalingar legg NVE opp til eit vidare samarbeid med dei ulike fagmiljøa som har vore involvert i de 21 temarapportane som er utarbeida i samband med den nasjonale ramma. Dei skriv at kunnskap er dynamisk og at rapportane er bygd på det fakta- og kunnskapsgrunnlaget som var. Rådmannen ser det som positivt at både temarapportar og kartgrunnlag skal oppdaterast ved behov. Samtidig fryktar rådmannen at nye området kan bli tatt inn berre ved ei oppdatering av kunnskap om t.d. utvida nettkapasitet. Faren er til stades for at nye områder og/eller utviding av eit område ikkje vil bli gjenstand for grundig sakshandsaming.

I skrivande stund, tidleg mai 2019, har FN sitt Naturpanel lagt fram ein omfattande rapport om naturmangfaldet på kloden. Tapet av natur er ein like stor trussel som klima-

endringane, meiner forskarar. Rapporten syner at me gjeng ei mørk framtid i møte viss me ikkje gjer store endringar i korleis med forbrukar naturressursane.

Ein slik ny kunnskap, gir etter rådmannen si meining, sterke signal om at dei temarapportane som Nasjonal Ramme er bygd på, må oppdaterast allereie før Nasjonal Ramme er endeleg vedtatt. Forbruk av naturressursar er tema som må få klarare plass i temarapportane.

Sakshandsaming av ein konsesjonssøknad

Alle vindkraftverk med installert effekt over 1 MW eller med fleire enn fem vindturbinar må ha konsesjon i medhald av energiloven. Avhengig av storleik over og under 10 MW startar søknadsprosessen anten som ei melding (over) eller som ein søknad (under). Ellers er sakshandsaminga lik.

Etter gitt konsesjon, men før byggestart, må konsesjonæren mellom anna sørge for at arealbruken er avklart i forhold til gjeldande arealbruk i kommuneplanen, samt eventuelt gjeldande reguleringsplanar. Det betyr eventuell søknad til kommunen om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Kommunen kan da med heimel i plan- og bygningsloven krevje detaljreguleringsplan.

Konklusjon:

Hjartdal kommune vil per i dag ikkje blir råka direkte av Nasjonal Ramme for vindkraft på land. Fjernverknad frå Gaustatoppen er viktig å få inn som eit vurderingspunkt i eventuelle prosjekt i grenseområda mellom Buskerud, Telemark og Vestfold.

Vidare er det særskild viktig at nye areal ikkje kan bli lagt inn i Ramme for vindkraft gjennom revisjon/oppdatering av ein enkelt temarapport.

Vedlegg:

- 1 Høring - Nasjonal ramme for vindkraft